



# POLITIET

## MØTEREFERAT

POLITIRÅDET I MELAND, LINDÅS OG RADØY

Deltakrar: Øyvind H. Oddekalv, Nina Bognøy, Jostein Borlaug, Ørjan Raknes Forthun, Martin W. Kulild, Jarle Landås, Kristin Moe, Kjell-Idar Vangberg, Svein Arne Hatlevik, Ivar Holmaas

Referatdato: 31.05.2019

Referent: Ivar Holmaas

Vår referanse:

Møtedato: 21.mai 2019

Stad: Nordhordland lensmannskontor

## MØTE I POLITIRÅDET 21.05.2019 KL. 0900-1100

### 1. Oppfølging av saker frå sist møte.

- Politiet informerte om at lensmannen hadde sendt brev til NGIR i forhold til praksis for inndrivning av ikkje betalt renovasjonsavgift. NGIR har handsama saka og har meldt tilbake at dei ikkje har planar om å endre praksis no. Politiet vil ikkje følgje opp denne saka. Det er pr i dag ikkje kapasitet til å utarbeide nødvendig saksunderlag for ei eventuell vidare handtering.
- I forhold til vilkår for påtaleunntating mot barn og unge skjer det i form av ungdomsoppfølging og ungdomsstraff. Dette sikrar ei systematisk og lik handtering av desse sakene.
- Det var understreke at politiet ønskjer tidleg informasjon om større arrangement i lensmannsdistriktet. Politiet har god dialog med mange ulike arrangørar. Skal dei operative ressursane brukast mest muleg målretta, er det viktig at det gode samarbeidet vert vidareført og utvikla vidare. Tidleg informasjon om aktuelle arrangement er difor ønskjeleg.

### 2. Oversikt kriminalitet

- Lensmann Vangberg gjekk gjennom diverse statistikk over saksfelte innan ulike kriminalitetsområder i Nordhordland lensmannsdistrikt. Statistikken viser at Nordhordland lensmannsdistrikt har om lag same tal saker så langt i 2019 som tilsvarende periode i 2018. Det er reduksjon på saker innan vinning og vold og auke innan økonomisaker.
- Det har ikkje vore kapasitet til målretta aksjonar mot narkotikakriminalitet. Det førebyggjande arbeidet og innsats i forhold til barn og unge vert prioritert i forhold til narkotikaproblematikk. Målsetting er at det vert gjennomført aksjonar til hausten.
- Samla oppklaringsprosent er omlag 70 %. Dette er akseptabelt nivå.

Nordhordland lensmannsdistrikt

- Saker til etterforsking i lensmannsdistriktet er om lag 150 saker. Det er ei "sunn" samansetning av sakene ved at det er flest nye saker og få eldre saker. Berre ei sak er eldre enn 12 mnd. Nordhordland lensmannsdistrikt har god oppfølging innan etterforsking og saksfeltet vert prioritert.
- Kommunane var uroa over manglande kapasitet til å følgje opp utfordringar i forhold til bruk av narkotika.

Det vart stilt spørsmål og saka vart diskutert.

#### Oppfølging:

- Lensmannsdistriktet vil prøve å prioritere arbeidet mot narkotikabruk både i form av aksjonar og samarbeid/avklaringar med kommunane.

### **3. Delbart/kjernegrupper/førebyggande teneste**

- Orientering ved pob Svein Arne Hatlevik. Nordhordland lensmannsdistrikt prioriterer det førebyggande arbeidet opp mot barn og unge. Det er 3 personar som bruker mesteparten av arbeidsdagane sine til dette arbeidet.
- I vår har dei aller fleste ungdomsskulane i lensmannsdistriktet gjennomført prosjektet "Delbart". Gulen og Solund har så langt ikkje hatt besøk. Det er eit opplegg som KRIPOS har laga i forhold informasjon/førebygging med tanke på deling av seksualiserte bilder på nett. Opplegget er retta mot både elevar og foreldre. I løpet av kort tid har prosjektet nådd ut til over 4000 personar i vårt lensmannsdistrikt
- Pb Cato Hjørnevik orientert om prosjekt "Delbart" og svarte på spørsmål.
- Lensmann Vangberg delte ut blomar til Cato og Svein Arne for det arbeidet som er gjort i prosjektet i løpet av kort tid. Det er dei to i lag med pb Therese Muus-Falck som gjennomfører prosjektet frå politiet si side. Therese var ikkje til stades, men fekk også blomst.
- Målretta førebyggande arbeid gjennom kjernegrupper fungerer og vert brukt. Kjernegrupper er eit lavterskeltilbod til ungdom som "havner utpå". Det er om lag 10 – 15 kjernegrupper i drift til ei kvar tid. Vidare gjennomfører politiet mange bekymringssamtalar "ein til ein".
- Både "Delbart" og anna førebyggande arbeidet er ressurskrevjande. Men førebyggande arbeid er høgt prioritert og godt samarbeid mellom politiet, kommunale etatar og andre er avgjerande for å oppnå gode resultat når utfordringane er mange.

Saka vart diskutert. Det kom gode tilbakemeldingar frå kommunane, både politisk og fagleg, på det førebyggande arbeidet til politiet.

#### Oppfølging:

- Det førebyggande arbeidet vil ha høg prioritet i lensmannsdistriktet. Ved tilføring av ressursar er planen at fleire personar skal ha auka målretta innsats på dette saksfeltet.
- "Delbart" er eit prosjekt som vil halde fram i åra som kjem.

### **4. Ressurssituasjonen**

- Lensmann Vangberg orienterte om ressurssituasjonen. Distriktet vil få 3 nye stillingar før nyttår og frå nyttår vil det vere 31,4 politistillingar. Dette er nesten like mykje som distriktet hadde ved starten av 2018. Lensmannen si vurdering

er at Nordhordland lensmannsdistrikt burde ha fleire av dei nye stillingane, men understreka at fokus no er nytte tilførte ressursar på ein best muleg måte.

Saka vart diskutert.

Oppfølging:

- Målsettinga er at tilførte ressursar vert nytta til auka innsats på førebyggjande teneste og operativ kapasitet. Samstundes må etterforskning og oppfølging av kriminalitet framleis ha høg prioritet.

## **5. Kva ønskjer kommunane av lokalt politi.**

Politiet understreka at politirådet er eit viktig treffpunkt mellom kommunane og politiet. Det er difor viktig at kommunane melder inn saker og problemstillingar dei ønskjer tatt opp i politirådet.

Det vart tatt opp at det er ønskjeleg at politiet får ei orientering i forhold til etableringa av Alver kommune.

Det vart vidare vurdert som tenleg å ha betre samla oversikt og kunnskap om narkotikasituasjonen, spesielt i forhold til barn og unge. Dette bør vere tema på neste politirådsmøte. Både politi og kommunale etatar bør gjennomføre faktavurdering før dette møtet.

Oppfølging:

- Ønskje om tema/saker vert å melde inn når fastsetting av møta i politirådet er avklart.
- På neste politirådsmøte vil kommunane gje ei orientering om status for etablering av Alver kommune – med fokus på det som er relevant i forhold til samarbeid kommune/politi.
- På neste politirådsmøte er det ønskjeleg at utfordringar i forhold til narkotika vert tema.

## **6. Eventuelt**

Ingen saker.